

Manger Ungdomslag

Manger, 13.10.23

Radøy Kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

postmottak@radoy.kommune.no

Plansak Detaljregulering Mangersnes bustadområde

Trafikksikring ved Solvang Ungdomshus

I samband med reguleringsplan for Mangersnes bustadområde, ynskjer me å komma med innspel angåande trafikk forbi Solvang Ungdomshus.

Solvang Ungdomshus ligg langs vegen ned mot Manger kai. Utkøyrsla er svært uoversiktleg og kjem ut midt i ein sving. Det er tidvis mykje trafikk og det manglar fortau. Me meiner det vil vera hensiktsmessig å utføra tiltak for trafikksikring langs denne vegen.

Solvang Ungdomshus er for mange eit viktig samlingspunkt. Ungdomshuset vert tatt i bruk av alle generasjonar og er eit hus me er stolte av. Me opplever at huset er samlande for bygda vår, og me meiner trafikksikring langs denne vegen vil vera eit gode for innbyggjarane på Manger.

Styret i Manger Ungdomslag har sendt innspel til denne planen, og trafikksikring i området tidlegare. Det har i ettertid vorte gjort tiltak i svingen.

Tiltaket er IKKJE eit fortau, slik det burde vore, men ein betongmur. Muren er sett opp i vegkanten. Muren i seg sjølv brukar no arealet som tidlegare var utanfor vegbana, der dei gåande gjene gjekk for å unngå å gå i vegbana. Muren vil me tru, skal hindra biler å komma utfør vegen, men for dei mjuke trafikantane har muren gjort situasjonen verre.

Gåande og syklande må no ferdast ute i vegbana, utan moglegheit til å flytta seg ut or vegen dersom det kjem bilar. Vegen er allereie smal på dette området, og med møtande trafikk vil det kunna skje ulykker når dei mjuke trafikantane må ferdast ute i vegbana.

Den planlagde utbygginga på Mangersneset vil føra til auka biltrafikk, og sjølvsagt også fleire mjuke trafikanter frå Mangersnes til Manger. Svingen og avkjørsla ved grennahuset er uoversiktleg og skummel.

Manger Ungdomslag ber innstendig om at tiltak for å unngå ulykker her vert gjort. Tiltaket bør være eit fortau.

Mvh Eva Karin Klausen

Styreleiar Manger Ungdomslag

Eva Karin Klausen